

## Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	26/2017	Arkiv nr.:		Møtedato:	25.08.2017
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

### Referat og meldingar..

- A. 170421 Kopi av brev frå Norconsult - Søknad om nytt utsleppsløyve på Juvasshytta. Teikning av avløpssystem. 170425 Kopi av e-post frå Statskog - utsleppssøknad nytt avløpsreinseanlegg ved Juvasshytta. 170425 Nabovarsel.
- B. 170406 Kopi av e-post frå NVE- innvilga utsett høringsfrist til 23.06 på GLB sin søknad om justert fyllingsbestemmelse for Tesse.
- C. Referat frå årsmøtet i Fjellstyrene i Oppland (FiO) på Dombås. Revisjonsberetning 2016 FiO
- D. 170505 Sak i Breheimen nasjonalparkstyre 2017 og 170515 sak i Jotunheimen nasjonalparkstyre. Dispensasjon - Motorferdsel - Transport og bruk av drone- Norsk Fjellsenter.
- E. 170505 Sak i Breheimen nasjonalparkstyre, Høydalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Avkøyring i samband med etablering av kulturbeite – Kvanndalsvoll
- F. 170512 Sak i Breheimen nasjonalparkstyre, Høydalen landskapsvernområde - snuplass ved bommen til Bukkeboten i Nordre Høydalen - Høydalsvegen v Terje Marstein. 170419 Brev frå M.S.Skamsdalen - merknad til bygging av snuplass. 170519 Brev til M.S.Skamsdalen - snuplass i Høydalen.
- G. Ottadalen Villreinområde – Referat frå årsmøtet 29.04.2016
- H. Lom Tamreinlag - årsmelding og rekneskap
- I. 170508 Referat frå møte i Skaihø viltområde.
- J. 170515 Brev frå KUD dep –tilsagn om spelemidlar til ny Veslfjellbu, kr 210.000.
- K. 170516 Sak i Breheimen nasjonalparkstyre, Høydalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2017 - Oppføring av nytt seterhus på Torkvesetra, gnr. 155/1/226 - Jomar Torkveen
- L. 170427 Memurubu. Søknad frå Brun Bygg om løyve til tiltak utan ansvarsrett med vedlegg. 170502 E-post frå Lom kommune- Tilbygg til Memurubu. 170502 Tilbygg til Memurubu - uttale fra Statskog. 170515 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Tilbygg med utviding av varemottak og personalrom - Memurubu Turisthytte - gnr. 155/1/167.
- M. Tilsagn frå Statskog om refusjonsmidlar for 2017 på kr. 350.888 .
- N. 170606 Kopi av brev frå NVE til GLB med godkjenning av detaljplanar for arbeid i Smådalen i tilknytning til fornyinga av konsesjonen for Veo-overføringa.
- O. Kopi av brev av 3.7.2017 frå fjelloppsynet til Statskog SF om mangelfullt gjerdehald på seter i Foss.
- P. 170714 E-poster frå Statskog og Kurdøl – løyve til plassering av kunstprosjektet EndeligEnhet.
- Q. 170714 Kopi av brev frå Landbruksdirektoratet, der klagen på vedtaket om frifall av Jomar Torkveen si seter i Høydalen vert avvist.
- R. Sak nr. 61-2017 i Lom formannskap - Avslag på søknad om landing med helikopter ved Brimi seter.
- S. Saker behandla av Jotunheimen nasjonalparkstyre:
  - a. Dispensasjon til arrangementet Galdhøpiggen for perioden 2018-2020.
  - b. Dispensasjon til Lom Tamreinlag for bruk av helikopter og bruk av Glitterheimvegen frå og med 2017.

## Møtebok – Lom fjellstyre

- c. Dispensasjon til Oppland fylkeskommune – Kulturarveininga til bruk av helikopter ved innsamling av materiale i perioden 2017-2019.
  - d. Utsett sak om fortsett dispensasjon til bruk av motorkjøretøy frå Memurubu turisthytte.
  - e. Dispensasjon til Iriss Forlag til bruk av drone ved fotografering i høve ny utgjeving av boka «Fotturer i Jotunheimen».
  - f. Dispensasjon til NVE til bruk av drone ved filming/dokumentasjon av Storbreen.
- T. Referat frå møte den 22.6.2017 i Villreinutvalet for Reinheimen Breheimen.
- U. Saksprotokoll – KS 170622 Uttale frå Lom kommune til søknad frå GLB om endring i manøvreringsreglementet for Tesse – endring av dato for oppfylling.
- V. 170710 E-post frå Lom fjellstyre vedr. søknad om plassering av søppelcontainer langs Jotvegen i Søre Lia.
- W. 170620 E-post frå Lom kommune vedr. søknad om riving av gamal og oppføring av ny hytte av Bøverton AS.
- X. E-post den 15.8.2017 frå SNO v/Rigmor Solem vedr. lavvo-leir ved Gjendebu.
- Y. E-post den 9.8.2017 frå Lom fjellstyre v/sekr. til Statskog SF vedr. søknad om drenering rundt hytte ved Bøvertjønnen.
- Z. Kopi av brev av 7.8.2017 frå Statskog vedr. mangelfullt gjerdehald på seter på Prestsetrene.
- Æ. Kopi av brev av 7.8.2017 frå Lom kommune til Chr. Vole med løyve til transport av materialar til hytte.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	27/2017	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	25.08.2017
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

## Vårdalen statsallmenning.

### Søknad om løyve til påbygg av seterfjøs på setra til Mo på Nåvårseter, 157/1/95.

Sakspapir:

- Søknad dagsett den 4.07.2017 med teikningar og situasjonskart.

#### Saksutgreiing:

Gudbrand Mo søker med brev dagsett den 4.07.2017 om løyve til å byggje på seterfjøsset på Nåvårseter.

Han grunngjev søknaden med at han treng meir plass for å kunne mjølke fleire kyr om gongen, og for å byggje røymjølkeanlegg. Huset skal også brukast til lagring av kraftfor. Planlagt tilbygg er 6 x 7,5 m, og inneheld mjølkerom og inngang. Det har same takvinkel som eksisterande fjøs, og er planlagt som reisverkhus.

#### Opplysningar og merknader:

Det er fjellstyret som vurderer og avgjer kva for hus som er nødvendig og rasjonelt for seterbruken i kvart enkelt tilfelle, etter å ha innhenta uttale frå Statskog, (§ 10 i seterforskriftene).

Det er tradisjonell seterdrift på setra med mjølkelevering frå setra. I sak nr. 18/2007 fekk brukaren løyve til oppføring av hus til mjølketank. Han opplyste den gongen at det seinare kunne verte aktuelt å få montert røymjølkinganlegg og å få oppført eit tilbygg til fjøsset for mjølketanken. Fjellstyret sa i sitt vedtak i saka at dei ville vurdere behovet for huset att, viss det seinare vart aktuelt å utvide fjøsset for å få plass til mjølketanken. På telefon den 3.08 opplyser søkjar at mjølketanken skal flyttast til det nye mjølkerommet, og at dette huset ønskjer dei å ha ståande og bruke som uthus, det er ca 12 m<sup>2</sup>.

I eit eventuelt løyve til bygging må det takast atterhald om godkjenning frå Statskog, da uttale frå dei ikkje har vore innhenta før behandlinga i fjellstyret.

#### Forslag til vedtak:

Fjellstyret har ikkje innvendingar til den omsøkte bygginga, og gjev på visse vilkår løyve til å setje opp tilbygg til seterfjøsset.

Fjellstyret tillet samstundes at han får ha huset som vart oppført i 2007 for mjølketank, ståande til bruk som uthus på setra. Fjellstyret meiner det er positivt at det framleis vert drive tradisjonelt seterbruk, og viktig å leggje til rette for at dette skal halde fram.

Løyve til bygginga må innhentast frå dei lokale bygningsmyndigheitene. Vidare tek fjellstyret atterhald om at Statskog ikkje har innvendingar til saka. Dette må i så fall gjerast kjent for fjellstyret innan ein frist på tre veker etter at Statskog er gjort kjent med vedtaket.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Vedtak:**

Som framlegget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – berre som e-post
- Miljø, teknisk og næring, Lom kommune – berre som e-post
- Gudbrand Mo, Moagrenda 12, 2685 Garmo

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	28/2017	Arkiv nr.:	335.3	Møtedato:	25.08.2017
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

## **Leir- og Bøverdalen statsallmenning.**

### **Søknad om løyve til utviding av overbygget av sorteringsplass for sau ved sanketråa på Netoseter, frå Netoseter småfelag v/Erling Dagsgard.**

Sakspapir:

- Brev av 18.07.16 frå Netoseter småfelag v/Erling Dagsgard.

#### **Saksutgreiing:**

Netoseter småfelag v/Erling Dagsgard har med brev av 18.07.16, motteke 20.07.17, søkt om løyve til å utvide takoverbygget ved sanketråa deira på Netoseter. Det er planlagt utviding med 6 m austover i same breidde som eksisterande tak, og i same byggestil som før.

Vedlagt søknaden fylgde ein enkel situasjonsplan.

Eksisterande konstruksjonen har flatt tak og her eit flatemål på 6 x 12 m. Den består av stolpar nedgravde i grunnen med limtredragarar, sperrer og takplater oppå desse. Høgda er ca. 3 meter.

Søknaden er grunngjeve med at dyretalet har auka. Dei sender lam direkte til slakteri frå sanketråa, og det er krav om at dyra skal vera tørre.

Eksisterande tak vart sett opp i samband med sankinga og sorteringa hausten 2015.

Det har ikkje vore innhenta uttale frå Statskog SF til søknaden.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret ser på dette som eit praktisk og nødvendig tiltak for dei som leverer sau frå dette sankeområdet, og gjev på visse vilkår løyve til utviding av eksisterande tak.

Dersom tilhøva og føresetnadene endrar seg, eller saudrifta i området opphøyrer, slik at det ikkje lenger er behov for installasjonen, skal konstruksjonen fjernast att.

Fjellstyret tek atterhald om at Statskog SF ikkje har innvendingar til oppføringa.

#### **Vedtak:**

Som framlegget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Netoseter småfelag v/Erling Dagsgard, Skjåk solside 332, 2690 Skjåk
- Statskog SF, berre som e-post.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	29/2017	Arkiv nr.:	363	Møtedato:	25.08.2017
Saksbehandlar:	Odd Repp				

## **Leir- og Bøverdalen statsallmenning.**

### **Søknad om løyve til rydding av lauvkratt ved Jotunheimen Fjellstue i området ned mot tjernet ved hytta.**

#### Sakspapir:

- E-post den 15.8.2017 frå Jotunheimen Fjellstue v/Ole Ragnar Repp vedlagt flybilde.

#### **Saksutgreiing:**

Jotunheimen Fjellstue v/Ole Ragnar Repp har med e-post den 15.8.2017 søkt om løyve til å rydde lauvkratt på eit område ved turisthytta. På eit flybilde over området er yttergrensene for det omsøkte området innteikna. Grunngevinga for søknaden er at den aukande attgroinga fører til større innsektplage, samt at den hindrar både innsyn og utsyn frå turistanlegget.

E-posten vart vidaresendt til Statskog som grunneigar, som har bede om fjellstyret si vurdering før dei tek avgjerd i saka.

#### **Opplysningar og merknader:**

Ei akselerande attgroing av landskapet i dette høgdelaget er ei kjent sak, og har ført til at landskapsbildet over stutt tid heilt har endra karakter. Dette har fleire negative sider. Utmarksbeitet vert dårlegare, tilkomsten til fiskelokalitetar og ferdselen ved desse vert vanskelegare, tidlegare utsiktspunkt veks ned, og utsynet frå vegane vert mange stader heilt borte.

Å ta opp kampen mot attgroinga over større område er truleg fånytt, men tiltak for å motverke dette for eit avgrensa område bør vurderast som positivt. Ei rydding av det omsøkte området vil vera positivt både for fiskarar og anna ferdsel i området. Tjernet er eit populært og lett tilgjengeleg fiskevatn, og fjellstyret sitt oppsynsmannskap har ikkje arbeidskapasitet til å følgje opp dei mange fiskevatna med slike tiltak.

Det er i søknaden ikkje sagt noko om korleis ryddings skal skje. Det bør setjast krav om dette skal vera mekanisk med lett handreiskap, og ikkje bruk maskinelt terrenggåande utstyr.

Tiltaket vert vurdert til å vera uproblematisk i høve til allmeningsstyret som forvaltar virkesretten i statsallmenningen, og uttale frå dei er derfor ikkje innhenta.

#### **Framlegg til tilråding:**

Fjellstyret vurderer tiltaket som positivt for alle interessene, og tilrår at det vert gjeve løyve til å gjennomføre det på visse vilkår.

Det må setjast krav om at ryddinga skal skje mekanisk med lett handreiskap. Ryddeavfallet bør samlast og fjernast eller brennast på staden. Ved ei eventuell brenning må dette konsentrerast til få branntomter.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Vedtak:**

Som framlegget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – berre som e-post

- Jotunheimen Fjellstue v/Ole Ragnar Repp – berre som e-post